

Saksnr: 2019/144-1
Saksbehandlar: Kathrin Jakobsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		02.12.2019
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		02.12.2019

Innstilling til representantar til Nordsjøkommisjonen sine tematiske grupper**Forslag til vedtak**

1. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon og Hovudutval for samferdsel og mobilitet føreslår følgjande representantar som medlemar i dei tematiske gruppene i Nordsjøkommisjonen:
 - Transport:
 - Klima og energi:
 - Smarte regionar:
 - Marine ressursar:

Samandrag

Både Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er medlemmer i organisasjonane Conference of Peripheral and Maritime Regions (CPMR) og Nordsjøkommisjon (NSC). Frå 1. januar 2020 vert dette medlemskapet overført til Vestland fylkeskommune. Nordsjøkommisjonen har fire tematiske arbeidsgrupper som kvar har politisk representant. Desse er: 1) Transport, 2) Klima og energi, 3) Smarte regionar og 4) Marine ressursar.

Erfaringar frå Hordaland og Sogn og Fjordane og andre medlemsregionar, syner at aktiv deltaking i dei tematiske arbeidsgruppene er den mest effektive måten å kunne påverke arbeidet i organisasjonen.

Fylkestinget skal oppnemne representantar for kvar av dei tematiske arbeidsgruppene for perioden 2020 – 2024. Dei politiske representantane skal rapportere til sine hovudutval.

Hovudutval for samferdsel og mobilitet føreslår kandidat til transportgruppa. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon føreslår kandidatar til gruppene for klima og energi, smarte regionar og marine ressursar.

Bård Sandal
Påtroppande direktør for
Avdeling for innovasjon og næringsutvikling

Kathrin Jakobsen
påtroppande seksjonssjef for
Forsking, kompetanse og internasjonalisering

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Både Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore medlem i Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR) og Nordsjøkommisjon (NSC). Desse organisasjonane er europeiske interesse- og lobbyorganisasjonar. CPMR er ein paraplyorganisasjon der NSC er ein av 6 geografiske underkomisjonar. Medlemskap i CPMR er ein føresetnad for medlemskap i NSC. Frå 1. januar 2020 vil medlemskapet overførast til Vestland fylkeskommune.

I tillegg til Vestland fylkeskommune er 9 andre fylkeskommunar i Noreg medlem i CPMR og NSC. Vidare er det 31 fleire medlemmer frå andre regionar frå land rundt Nordsjøen.

NSC har fire tematiske arbeidsgrupper med politisk representasjon. Desse er 1) Transport, 2) Klima og energi, 3) Smarte regioner og 4) Marine ressursar. Hordaland fylkeskommune har hatt politisk representasjon i alle fire gruppene, medan Sogn og Fjordane har vore representert i ei gruppe, Marine ressursar. I tillegg er det ein person i kvar tematisk gruppe frå administrasjonen som gjer støtte til politisk representant og utfører dei faglege og administrative oppgåvene.

Fylkestinget har i starten av kvar fylkestingsperiode oppnemnd politiske representantar til dei tematiske arbeidsgruppene i NSC. Det skal no oppnemnast fire nye representantar for perioden 2020 – 2024.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon og Hovudutval for samferdsel og mobilitet gir forslag til valnemnda. Valnemnda innstiller til fylkestinget som gjer vedtak i saka.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Klimaendringar er eitt av fire satsingsområde i Nordsjøkommisjonen.

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Satsingane i regional planstrategi skal leggjast til grunn for arbeidet i dei tematiske arbeidsgruppene.

Innleiing

CPMR og NSC har vore sterke pådrivar og premissleverandørar for utviklinga av EU maritime politikk og innrettinga på tilhøyrande program og finansieringsinstrument. Hordaland og Sogn og Fjordane har brukt CPMR og NSC til å danne nettverk og finne/kartlegge samarbeidspartnarar til felles prosjekt, samt overvake og følgje opp relevante saker innanfor EU-politikken.

Nordsjøkommisjonen er leia av presidenten og to visepresidentar saman med styringskomitéen (Executive Committee - ExCom). ExCom har éin representant frå kvart land som har medlemmar i NSC. I 2019 er Marianne Chesak (A) frå Rogaland norsk medlem i styret. Åshild Kjelsnes (A) frå Sogn og Fjordane er varamedlem, mens Andreas Leirvik frå Østfold er ein av to visepresidentar. Det overordna avgjerdsorganet er årsmøtet som finn stad kvart år i juni i samband med Nordsjøkonferansen.

Fylkesordførar har stemmerett på årsmøtet i CPMR og NSC, og er også den som skal representere Vestland fylkeskommune i dei norske medlemsmøta i forkant av møta i NSC ExCom og årsmøta. Fylkesordførar kan gje fullmakt til fylkesvaraordførar eller ein annan politisk representant til å delta på vegne av han.

Tematiske arbeidsgrupper i Nordsjøkommisjonen (NSC)

Arbeidet i Nordsjøkommisjonen vert styrt av strategidokumentet North Sea Region 2020. Strategien vert operasjonalisert gjennom arbeidet i dei fire tematiske arbeidsgruppene: 1) Transport, 2) Klima og energi, 3) Smarte regioner og 4) Marine ressursar. Gruppene arbeider med politikktutforming, prosjektutvikling og utveksling av kunnskap og er ein viktig politisk arena som gir gode høve for fagleg samarbeid.

Hordaland har vore eit av dei mest aktive norske medlemmane i NSC og har delteke i alle arbeidsgruppene med både politiske representantar og representantar frå administrasjonen. Fylkesordførar Tom Christer Nilsen i Hordaland var visepresident 2012 – 2014 og president 2014 – 2016. Sogn og Fjordane har hatt ei rolle i gruppa Marine ressursar og Åshild Kjelsnes har vore leiar av gruppa og varamedlem for Noreg i ExCom. Begge dei to fylka har sett verdien av aktiv deltaking i organisasjonen.

NSC arbeider no, og frem til årsmøtet i juni, med utarbeiding av ein ny strategi som er ei revisjon av NSC 2010-2020 strategien. Medlemmane har hatt høve til å kome med innspel i prosessen, spesielt i dei tematiske gruppemøta, og strategien skal ha ei sterk kopling opp mot det nye Interreg Nordsjøprogrammet frå 2021. Det betyr at det vil vere mogleg å søkje prosjektmidlar frå Nordsjøprogrammet under tema forankra i Nordsjøstrategien.

Eit utval av relevante saker for Vestland er skissert under kvart av dei tematiske områda gruppene følgjer opp. Desse tema er relevante for prosjektutvikling i samarbeid med regionale aktørar i medlemsregionane.

Marine ressursar:

- Marin arealplanlegging
- Maritim kompetanse
- Marin forsøpling
- Brexit og fiskeripolitikken

Transport:

- Grøn skipsfart
- Hamnesamarbeid
- Auka tilgjengelegheit

Klima og miljø

- Kraftutveksling
- Hydrogen

Smarte regionar:

- Reiseliv/cruiseturisme
- Omstilling
- Digitalisering

Arbeidet i NSC er langsiktig, og prosessane går over fleire år. Der difor viktig med ei strategisk tilnærming til dette arbeidet frå Vestland fylkeskommune si side og at arbeidet vert godt forankra i eigne planar og strategiar.

Konklusjon

I kvar av arbeidsgruppene vil det vere ein politisk og ein administrativ representant frå Vestland fylkeskommune. Hovudutval for samferdsel og mobilitet foreslår politisk representant til transportgruppa, medan Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon foreslår politiske representantar til dei tre andre gruppene. Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling og Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtrafikk peiker ut administrative representantar som skal fungere som støtte for politikarane.

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling peiker og ut ein administrativ koordinator for arbeidet i Nordsjøkommissjonen. Denne personen skal både følgje opp politisk deltaking på årsmøta, dei norske medlemsmøta, og arbeidet i dei tematiske arbeidsgruppene. Administrativ koordinator kallar inn dei politiske representantane, vararepresentantane og dei administrative representantane til møte to gongar i året for å informere om saker i ExCom, og for at deltakarane skal kunne utveksle informasjon og erfaringar.

Dei politiske representantane skal rapportere til sine hovudutval frå arbeidet i gruppa.